

# Eksamen

1. juni 2017

DRA2007

Teater i perspektiv 2

**Programområde:** Drama

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>               | Eksamen varer i 5 timar.  |
| <b>Hjelpemiddel</b>              | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.  |
| <b>Bruk av kjelder</b>           | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>   |
| <b>Vedlegg</b>                   | Ingen   |
| <b>Informasjon om vurderinga</b> | <p>Det er kompetansemåla i læreplanen som seier kva kompetanse det er venta at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finn du på <a href="http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/">www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/</a></p> <p><b>Kriterium for vurdering:</b></p> <p><b>Teaterhistorisk kunnskap:</b> Kandidaten kan gjere greie for teaterhistorisk utvikling, teoriar, fagomgrep og emne.</p> <p><b>Teaterhistorisk forståing:</b> Kandidaten kan analysere og reflektere over årsaker til utvikling og endring, og grunngje synspunkta sine. Kandidaten viser forståing for iscenesettinga i epoken, og reflekterer over posisjonen og tydinga teateret har i epoken.</p> <p><b>Evne til refleksjon og drøfting:</b> Kandidaten kan presentere og vurdere ulike sider i ei fagleg problemstilling, grunngje og konkludere i samsvar med eigen argumentasjon.</p> <p><b>Kjeldebruk:</b> Kandidaten kan bruke kjelder på ein hensiktsmessig måte.</p> |

**Du skal svare på éi av oppgåvene nedanfor.**

### **Oppgåve 1: Teaterfornyinga i modernismen**

Modernismen kan skildrast som ei samlenemning på ulike eksperimentelle kunstretningar frå ca. 1890 – ca. 1945. I teateret blir det eksperimentert med nye former, både når det gjeld forholdet til tekst, spelestil/uttrykksform, scenografi og scene/salplassering.

- Presenter ein teaterform frå denne perioden. Forklar kva kjenneteikn han har, kven som stod bak og kva som var målet med teaterforma.
- Beskriv kort forhold mellom tekst og uttrykk, sal og scene i denne teaterforma. Reflekter over kvifor det var slik.
- Drøft samanhengar mellom denne forma og andre teaterformer i perioden ca. 1890 – ca. 1945, og eventuelt tidlegare historiske teaterformer. Grunnlegg synspunkta dine.

### **Oppgåve 2: Teaterfornyinga frå 1960-talet til vår tid**

Teaterfornyinga frå 1960-talet til vår tid består av ei rekke forskjellige former for teater og senekunst og ulike former for dramaturgi.

- Gjer greie for kjenneteikn og tendensar som pregar teateret i denne perioden.
- Vel ein teaterfornyar, ei gruppe, ein regissør eller senekunstnar og forklar kvifor denne personen/gruppa er knytta til, eller eventuelt skil seg frå, tendensar i tida. Beskriv kort forholdet mellom tekst og uttrykk, sal og scene i teaterforma til denne gruppa eller personen. Reflekter over kvifor det var slik.
- Drøft kva tyding denne personen eller gruppa har hatt for teateret i si samtid og for ettertidas teater. Grunnlegg synspunkta dine.

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

|                                   |   |
|-----------------------------------|---|
| <b>Eksamenstid</b>                | Eksamen varer i 5 timer.  |
| <b>Hjelpemidler</b>               | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.   |
| <b>Bruk av kilder</b>             | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>   |
| <b>Vedlegg</b>                    | Ingen   |
| <b>Informasjon om vurderingen</b> | <p>Det er kompetansemålene i læreplanen som beskriver hvilken kompetanse det forventes at du viser til eksamen. Læreplanen i faget finner du på <a href="http://www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/">www.udir.no/Lareplaner/Finn-lareplan/</a></p> <p><b>Kriterier for vurdering:</b></p> <p><b>Teaterhistorisk kunnskap:</b> Kandidaten kan gjøre rede for teaterhistorisk utvikling, teorier, fagbegreper og emner.</p> <p><b>Teaterhistorisk forståelse:</b> Kandidaten kan analysere og reflektere over årsaker til utvikling og endring og begrunne sine synspunkter. Kandidaten viser forståelse for epokens iscenesettelse, og reflekterer over teatrets posisjon og betydning i epoken.</p> <p><b>Evne til refleksjon og drøfting:</b> Kandidaten kan presentere og vurdere ulike sider i en faglig problemstilling, begrunne og konkludere i samsvar med egen argumentasjon.</p> <p><b>Kildebruk:</b> Kandidaten kan bruke kilder på en hensiktsmessig måte.</p> |

Du skal besvare en av oppgavene nedenfor.

### **Oppgave 1: Teaterfornyelsen i modernismen**


Modernismen kan beskrives som en samlebetegnelse på ulike eksperimentelle kunstretninger fra ca.1890 – ca.1945. I teatret blir det eksperimentert med nye former, både når det gjelder forholdet til tekst, spillestil/uttrykksform, scenografi og scene/salplassering.

- Presenter en teaterform fra denne perioden. Forklar hva som kjennetegner den, hvem som sto bak og hva som var målet med teaterformen.
- Beskriv kort forholdet mellom tekst og uttrykk, sal og scene i denne teaterformen. Reflekter over hvorfor det var slik.
- Drøft sammenhenger mellom denne formen og andre teaterformer i perioden ca. 1890 – ca. 1945, og eventuelt tidligere historiske teaterformer. Begrunn synspunktene dine.

### **Oppgave 2: Teaterfornyelsen fra 1960-tallet til vår tid**

Teaterfornyelsen fra 1960-tallet til vår tid består av en rekke forskjellige former for teater og scenekunst og ulike former for dramaturgi.

- Gjør rede for kjennetegn og tendenser som preger teateret i denne perioden.
- Velg en teaterfornyer, en gruppe, en regissør eller scenekunstner og forklar hvorfor denne personen/gruppen knyttes til, eller eventuelt skiller seg fra, tendenser i tiden. Beskriv kort forholdet mellom tekst og uttrykk, sal og scene i denne personens eller gruppens teaterform. Reflekter over hvorfor det var slik.
- Drøft hvilken betydning denne personen eller gruppen har hatt for teatret i sin samtid og ettertidens teater. Begrunn synspunktene dine.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)